

Arkivnr: 2018/7568-8

Saksbehandlar: Eirik Knive

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

**Fylkeskommunalt tilskot til skilting og merking av turløyper 2018****Samandrag**

Føremål med ordninga:

Formålet med tilskotsordninga for skilting og merking er å bidra til auka og trygg friluftsfærdsle der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking.

Det kan søkjast frå frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, speidar, grendelag, velforeiningar, turlag, Interkommunale friluftsråd osv) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivillighetsregisteret. Kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessentar kan søkje saman med ein frivillig organisasjon eller eit interkommunalt friluftsråd.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2018:	770 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	15. februar
Vedtak kriteria:	KIRU 24.- 25.04.18
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Skilting og merking</a>

<b>2018:</b>	
Tal på søknadar:	7 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	7 søknadar
Samla søknadssum:	570 483 kroner
Fordelt:	220 000 kroner

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til fordelinga:**

Innan søknadsfristen 15. februar 2018 kom det inn det inn 7 søknadar med tiltak i 7 kommunar med total søknadssum på 570 483 kroner. Tilskotet føreset ein eigenandel på 50 % frå søkjar i form av egne ressursar (dugnad og/eller egne midlar).

Det nasjonale turskiltprosjektet med finansiell støtte frå Gjensidigestiftinga hadde siste tildeling i 2017, og retningslinjene og arbeidet for merking og gradering av turruter er vidareført av den enkelte fylkeskommune. Kulturdepartementet har og opna for søknadar til skilting og merking av turruter innan spelemiddelordninga.

Søknadane vart vurdert i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv og fysisk aktivitet. Etter 7 år med stor pågang av søknadar til skilting og merking i Hordaland er det ein del skiltprosjekt som ikkje er slutført av ulike grunnar. Uferdige prosjekt blir høgt prioritert for fagleg rettleiing og oppmoda om å ikkje starte nye prosjekt før slutføring. Det vart i år søkt om midlar til skilting av turløyper på andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar. Desse vert avslått og søkar vert oppmoda om å søke tilskot frå ordninga merking og gradering av turløyper.

Etter modell frå Buskerud fylkeskommune vil Hordaland fylkeskommune enno meir systematisk kartlegge og rettlege tidlegare tilskotsmottakarar til å vidareutvikle merke løyper til rundløyper der dette er mogeleg for å auke bruksverdien. Fylkesrådmannen tilrår såleis ei ny utlysning av restmidlar kr 550.000 med søknadsfrist 15 september 2018. I 2017 var det ei tilleggsutlysning med søknadsfrist 15. september og politisk handsaming i KIRU i 15. november. Då var det betydeleg større søknadssum enn midlar til fordeling.

**Økonomi:** Det vert løyvd kr. 770 000 over budsjettpost 400.450.20

**Klima:** Turskiltprosjektet vil ha ein effekt på klima ved at tiltaket kan bidra til å redusere transportbehovet ved auka tilrettelegging for gåande og syklende i nærområdet.

**Folkehelse:** Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. Friluftsliv er blant dei nærmiljøtiltak befolkninga nyttar mest og ønskjer å nytte meir. Tiltaket tilrettelegg for auka bruk av ulike typar friluftsområde til fysisk aktivitet og som sosial møteplass.

**Regional planstrategi:** Turskiltprosjektet bidrar til mål 2.2 *eit inkluderande samfunn* ved strategi, 2: *Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet*. Skilting og merking i nærmiljøet bidrar til å leggje tilrette for uorganiserte aktivitetar i nærmiljøet som bidrar til å auke og styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar. Turskiltprosjektet bidrar mot same mål gjennom strategi 3. *utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter* gjennom auke tilgangen på rekreasjonsområde og nærfriluftsområde som møteplassar for alle.

#### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 220 000 kr over budsjettpost 400.450.20, slik:

Nr	Søkjar	Kommune	Tiltak	Innstilling
1	Bergen kommune	Bergen	Lyderhorn	24 000
2	Mjølfjell Vel	Voss/ Ulvik	Mjølfjell Sør	32 000
3	Bømlo Turlag	Bømlo	Merking og vedlikehald av turløyper	21 000
4	Sveio kommune	Sveio	Fartein Valen sitt landskap, skilting av kulturløy	45 000
5	Vinnesholmen Kystlag	Fusa	Skilting av Vinnesholmen turområde	4 000
6	Vaksdal Turlag	Vaksdal	Stimerking Vaksdal kommune	24 000
7	Granvin turlag	Granvin	Merking av fjell løyper i Granvin	70 000
	<b>Totalt:</b>			<b>220 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 27.03.2018**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.